

**DESSE RETNINGSLINJENE ER UTGÅTTE OG GJELD IKKJE LENGER**

For gjeldande tilskotsordningar, sjå Vestland fylkeskommune si nettside for aktive ordningar:

<https://www.vestlandfylke.no/tilskot/>

## **Kulturelt utviklingsprogram (KUP).**

### **Føremål med ordninga**

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. KUP er eit supplement til Vestland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

### **Kven kan søkje**

Søklar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og tiltaket må medverke til utvikling i Vestland. Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar.

### **Søknadsfrist**

1.juni

### **Kva kan ein få støtte til?**

KUP skal støtte større satsingar i kulturlivet i Vestland, herunder nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet sjølv. KUP er eit supplement til Vestland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

Søknadene skal gjelde 1-3-årige prosjekt, og vere innanfor virkefeltet kunst, kultur og kunnskapsutvikling.

Det er også høve om å søkje støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felta.

Støttenivå:

- 100 000 - 200 000 kroner vert tildelt prosjekt på inntil 3 år med vekt på nyskaping, overføringsverdi og samarbeid
- Prosjekt over 200 000 kroner vert tildelt prosjekt på inntil 3 år, med større krav til partnerskap, gjennomføringsevne og administrasjon.

### **Krav til søkjar**

Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar.

Søknadene skal gjelde 1-3-årige prosjekt, og vere innanfor virkefeltet kunst, kultur og kunnskapsutvikling. Søklar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og tiltaket må medverke til utvikling i Vestland.

### **Programområde**

Langsiktige mål treng langsiktige og føreseielege satsingar. Samtidig er utfordringane stadig skiftande. KUP er ein fleksibel reiskap som skal avgrense og målrette innsatsen innanfor fylkeskommunen sine langsiktige strategiar.

Utlysingane av KUP er å oppfatta som ein invitasjon til kulturlivet om å respondere i forhold til dei vedtekte programområda. KUP skal ha eit høgt presisjonsnivå i forhold til å møta dei behova som finst i kulturlivet, og til å nå konkrete mål.

Programområda for 2020:

#### A. Formidling og deltaking

Deltaking i kunst- og kulturaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på. Vestland har eit svært godt og breitt kulturliv, med høg kvalitet og mange spissa kunstuttrykk. Det er eit offentleg ansvar å legge til rette for ein større og breiare bruk av desse mange kulturtilboda, og å oppmuntre og oppmode kulturlivet til å utvikle formidlinga og jobbe for å auke deltaking og bruk. God og

nyskapande formidling og aktiv deltaking er ei føresetnad for eit levande kunst- og kulturliv. Det er viktig å heile tida vidareutvikle dette på generelt grunnlag og gje høve til utprøving og pilotprosjekt gjennom KUP.

Dette handlar også om å nå nye brukarar. Dette er eit sosialt ansvar / samfunnsansvar. Nye typar kulturbrukarar og deltakarar er også naudsynt for utvikling av kunstuttrykket og kulturen i seg sjølv. Både grupper og enkeltpersonar frå ulike samfunnslag og med ulik kulturell bakgrunn, kan oppleve barrierar og utfordringar i møte med kultur- og idrettslivet. Desse kan vere fysiske, mentale eller økonomiske.

Dette programområdet skal særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:

- Prøver ut nye former for formidling
- Prøver ut metodar og tiltak for auka deltaking og publikumsutvikling
- Styrker mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging
- Tilrettelegg informasjon for ulike brukargrupper
- Styrkar kunst- og kulturinstitusjonane og idretts- og friluftslivorganisasjonane sitt fokus på ungdom som publikum, deltakar og kulturbrukar

### B: Samordning og samhandling

Vestland fylkeskommune meiner at betre samordning og større samhandling er ein god veg å gå for å vidareutvikle kunst- og kulturlivet i fylket. «Kulturpolitikken skal legge til rette for at det profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal styrke sin eigenart, og fremme samarbeid og fellesløysingar. Utvikling av partnerskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar, vil vere eit viktig verkemiddel for bygging og utveksling av kompetanse» (PREMISS : KULTUR). «Eigenverdien av kunst og kulturuttrykk er ein grunnleggjande premiss for kulturpolitikken. Det er ein kvalitet i eitkvart samfunn at kunstnarar og kulturarbeidarar som skaper nye tankar og innfallsvinklar til samfunnet er aktive og synlege» (Kultur for alle).

Kompetansebygging og -deling er slik ein viktig del av dette programområdet, og dette kan vere på ulike nivå, med ulike metodar og innan ulike fag, kulturfelt og kunststartar. Gjennom kulturplanarbeid i Hordaland og Sogn og Fjordane har Vestland fylkeskommune forplikta seg på å bidra til utvikling og stimulering av kompetansenettverk og kulturpolitikken skal legge til rette for utvikling av arenaer, nettverk og samarbeid på tvers av ulike kulturfelt for kunnskaps- og erfaringsutveksling.

Når det gjeld kunstproduksjon og formidling er det ønskje om å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode, og det er viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader.

Gjennom samordning og samhandling kan ein såleis vere med på å bygge ein betre infrastruktur for kunst- og kulturlivet i fylket, som vil styrke både den skapande og den formidlande delen.

Dette programområdet skal særleg rettast inn mot tiltak og prosjekt som:

- utviklar tenlege plattformer for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse
- utviklar møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg og profesjonell sektor
- legg til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom kommunar, frivillige organisasjonar, etablerte institusjonar og det frie profesjonelle feltet
- styrker kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø
- legg forholde til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet.
- utviklar pilotprosjekt er tverrfaglege og som fremjar fellesproblemstillingar som knyt saman idretts- og kunstlivet.

### C: Kunstløft - kunstnarleg nyskaping

Programområde C. Kunstløft - kunstnarleg nyskaping er eit programområde i KUP som retter seg heilt spesifikt inn mot det profesjonelle kunstlivet med høve til å søkje støtte til produksjon.

PREMISS: KULTUR slår fast i innsatsområde 27 - Kunstløft at vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast, og at ein søker ein betre balanse mellom det frie profesjonelle kunstfeltet og det institusjonelle. Det er ein intensjon at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder, og det er mange kunstnarar innan ulike kunstartar som strever med å kunne finansiere spesielt produksjonen av nye verk.

Der er stor aktivitet og kvalitet blant kunstnarane i Vestland. Dette må støttast om ein skal oppretthalde og vidareutvikle det høge kunstnarlege nivået ein finn blant kunstnarar innan mange kunstartar. Kunsten er lokal og global. Det skal søkast å utvikle eit internasjonalt kunstliv i heile fylket.

Det er eit særleg ansvar for det offentlege å gjere det mogleg å utvikle også det smale kunstnarlege uttrykket. Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt.

Dette programområdet skal rettast inn mot tiltak og prosjekt innan alle kunstartar som:

- er av høg kunstnarleg kvalitet
- utviklar kunstlivet i fylket innan si kunstart
- utforskar nye samarbeid og samspeformer mellom ulike kunstartar og kulturformer
- kan vere synleg

Når det gjeld dette feltet vil det vere naudsynt med kunstfagleg kompetanse i vurdering av søknadene. Fylkesdirektør vil såleis sette ned eit kunstfagleg råd som vil gi råd om innstilling innan dette programområdet.

#### **Det vert ikkje gitt støtte til:**

Det vert ikkje gitt støtte til ordinær drift og investeringar.

#### **Vurdering**

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedteke gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025; PREMISS: KULTUR, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027; Kultur for alle. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteke. Vidare vil PREMISS: KULTUR og Kultur for alle liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderinga av søknadene.

Absolutte kriteria:

- Søknaden skal vera innretta mot eit eller fleire programområde.
- Søknaden skal ha tyding for større regionar eller heile fylket.

Ved den skjønnsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på:

- i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområdet
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet vil føre til meirverdi for kultursektoren
- i kva grad prosjektet klarer å bli synleg
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)
- i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)

#### **Krav til søknaden**

Søknadane skal vere innanfor virkefeltet kunst, kultur og kunnskapsutvikling på feltet.

Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningsliner og programområde i ordninga.

Søkjjar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og søknaden må medverke til utvikling i Vestland.

Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar, deriblant føretak, foreiningar/lag og stiftingar. Utøvarar med registrerte einskildføretak kan også søkje. Private einskildpersonar kan ikkje søkje, med unntak av tilfelle der føresetnaden er at det vert etablert ein organisasjon, dersom søknaden blir innvilga. Innanfor nokre programområde kan det bli nærare spesifisert kven som kan søkje.

Det er også høve om å søkje støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Til saman 500 000 kr kan løyvast kvart år til tiltak på desse to felta. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningsliner og programområde i ordninga.

### **Sakshandsaming og vedtak**

Sakshandsaming og tildelingskriterium har som siktemål å sikre eit forsvarleg, forutsigbart og etterprøvbart grunnlag for skjønnsutøving i handsaming av søknadene. Tilrådinga vert gjort på ein måte som er transparent og objektiv, med vekt på å sikre mot ugrunna forskjellshandsaming og vilkårligheit. Alle dokument knytt til søknad og handsaming er offentlege.

Fylkesdirektøren legg fram innstilling til vedtak. Hovedutval for kultur, idrett og integrering (KULII) er politisk avgjerdsorgan og gjer endeleg vedtak.

Inntillinga frå fylkesdirektøren vert offentleg ei veke før møte i utvalet og vert publisert under politiske saker. Her vil du og finna vedtak i saka dagen etter at møtet er gjennomført.

### **Statusrapportering og oppfølging i prosjektperioden**

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

For fleirårige prosjekt skal statusrapport sendast på rapporteringsskjema kvart år. Dette gir grunnlag for utbetalingane i perioden.

Møter for oppfølging og evaluering av prosjektet skal gjennomførast ved behov og etter nærare avtale.

Sluttrapport og -rekneskap skal sendast til fylkeskommunen ved prosjektslutt. Sluttrapporten skal innehalda desse punkta:

- Kort om bakgrunn og målsetting for prosjektet
- Greie ut om gjennomføringa av prosjektet og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Oppsummering av prosjektarbeidet, erfaringar som til dømes sterke/svake sider ved organisasjon/gjennomføring, fylkeskommunal medverknad mv.
- Eventuell vidareføring av prosjektet, overføringsverdi
- Sluttrekneskap signert av prosjektansvarleg, skal sendast til Vestland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Statsautorisert revisor skal attestere sluttrekneskapan for tilsegn frå og med kr 100 000,-.
- Tilsegns mottakar må også gje ei supplerande presentasjon i tekst/foto ved prosjektslutt.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Fylkeskommunen vil leggje ut ein presentasjon av dei einskilde prosjekta på fylkeskommunen sine nettstader, mellom anna for å leggja til rette for kontakt, nettverkbygging og auka overføringsverdi.

Ved prosjektslutt må tilsegnsmottakar gje ein kortfatta presentasjon av prosjektet i tekst og bilete/foto og kontaktinformasjon, samt godta at dette materialet deretter kan nyttast til føremålet.

### **Klage**

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune.